

FJELL KOMMUNE  
Postboks 184  
5342 STRAUMEDato: 20.06.2016  
Vår ref.: 2015/10285-14  
Saksbehandlar: heihand  
Dykkar ref.:

## Kulturminnefagleg innspel - tilbakemelding etter arkeologisk registrering - ny fv 561 Kolltveit-Ågotnes - Fjell kommune

Vi viser til varsla oppstart av detaljregulering ny fv 561 Kolltveit-Ågotnes i Fjell kommune, datert 08.10.15, samt korrespondanse vedrørende trong for arkeologisk registrering i planområdet for å oppfylle § 9 i kulturminnelova, seinast vår e-post til Fjell kommune 19.05.16 med kartfiler over nyregistrerte automatisk freda kulturminne.

Registreringa vart utført i perioden 29.03.16-28.04.16, og påviste tre nye automatisk freda kulturminne. Kulturminna er lagt inn i Riksantikvaren sin nasjonale kulturminnedatabase Askeladden med id-nr 219651, 219652 og 219653. To lokalitetar ligg nordvest for Vardakleivvatnet, den tredje ligg sør for Skulehusvatnet.

### Omsynssoner

Automatisk freda kulturminne skal som hovudregel bevarast i plan gjennom regulering til LNFføremål/grønnstruktur med omsynssoner c og d, jf PBL §§ 11-8, bokstav c og d, og 12-6. Omsynssone d omfattar lokalitetsavgrensing samt sikringssone (SOSI-kode H730). Omsynssone c omfattar eit større areal rundt dei automatisk freda kulturminna (SOSI-kode H570). Omsynssone c har som føremål å sikre kulturminne mot inngrep, skade og utilbørleg skjemming frå nye tiltak, samt å oppretthalde lokalitetane si tilknytning til naturleg topografi og nærleik til sjø. Til omsynssonene må det knytast føresegner som sikrar kulturminna frå inngrep og skade, til dømes slik:

*H730\_x: I omsynssona er eitt automatisk freda kulturminne med Askeladden-id (...). Tiltak eller inngrep som er eigna til å skade, øydeleggje, grave ut, forandre, tildekke, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemme kulturminnet er ikkje tillate jf. KML §§ 3 og 8.*

*H570\_x: I omsynssona er automatisk freda kulturminne med Askeladden-id (.....) Inngrep eller aktivitet som kan skade eller påverke dei automatisk freda kulturminna er ikkje tillate. Tiltak eller inngrep i omsynssona skal sendast Hordaland fylkeskommune for vurdering jf KML §§ 3 og 8.*

Då fylkeskommunen på dette stadiet av planen ikkje har opplysningar om konkret arealbruk i delen av planområdet kor dei automatisk freda kulturminna er lokalisert, har vi valgt å ikkje utarbeide avgrensing av omsynssoner no.

### Dispensasjon frå kulturminnelova

Dersom det ikkje er råd å ta omsyn til dei automatisk freda kulturminna i reguleringsplanen, og Hordaland fylkeskommune kan seie seg samd i arealbruken, kan det søkjast Riksantikvaren om dispensasjon frå kulturminnelova etter § 8,4. ledd. Fylkeskommunen vil i så tilfelle oversende saka til Riksantikvaren ved

offentleg ettersyn av plan. Vi gjer merksam på at dispensasjon frå kulturminnelova vanlegvis blir gjeve på vilkår av arkeologisk utgraving av dei råka automatisk freda kulturminna. Kostnader til eventuell utgraving må dekkast av tiltakshavar, jf. § 10 i kulturminnelova.

Vi ber Fjell kommune ta kontakt med Hordaland fylkeskommune når det føreligg meir detaljert arealbruk i planen, slik at utstrekning av omsynssoner kan vurderast.

Med helsing

Erlend Hofstad  
fung. fylkeskonservator

Heidi Handeland  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*